

---

**Fra:** Gunnar Risøy <gunnar.risoy@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 10. mars 2020 16:13  
**Til:** Anne Lise Molvik  
**Emne:** Risøyvegen 109, G/Bnr81/3. Dykkar referanse: 20/1967 - 20/4305.

Eg takkar for tilsende dokument som stadfester at Alver kommune har gjeve utsleppsløyve for rensa avløpsvatn frå hytta, naudsynte dispensasjonar for å etablera vass- og avløpsanlegg på eigedomen, og utvida terrassen slik at han dekkjer teknisk rom for avløpsanlegget.

Vedtaka om dette er den 13.02.2020 sende over til fylkesmannen for evt. klagebehandling, og slik eg forstår det har fylkesmannen 3 veker på seg til å fremja klage på vedtaka.

Er det då slik å forstå at dersom Alver kommune ikkje har motteke klage innan rimeleg tid for postgang i tillegg til desse tre vekene, så er saka avgjort? I så fall skulle snart tidspunktet vera inne for å ta neste steget i saksutviklinga: Førehandskonferanse om detaljar når det gjeld teknisk rom, og tankar om vidare oppgradering av hytta.

Eg ville setja stor pris på å få ei tilbakemelding om dette.

Med venleg helsing

Gunnar Risøy